



## Notat

Dato: 18.10.2017  
Arkivsak: 2017/16387-1  
Saksbehandlar: maraskv

---

Til: Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

---

### Svar til Fylkesutvalet - finansiering av Sentralbadet

Fylkesrådmannen viser til møteprotokoll i Fylkesutvalet 3.-4-mai 2017:

«**Aud Karin Oen (SV)** viste til medieoppslag om at Regjeringa har løyvd midlar til Sentralbadet, og stilte seg undrande til det som var skrive om at Hordaland fylkeskommune skal finansiere 1/3 av kostnadene. Etter det ho kjenner til, har ikkje fylkeskommunen gjort slikt vedtak. Fylkesrådmannen vil kome tilbake til dette.»

Fylkesrådmannen kan stadfeste at det ikkje er gjort vedtak i Hordaland fylkeskommune om finansiering av Sentralbadet, og viser elles til svar frå fylkesordførar til fylkestinget 13. juni 2017 om Sentralbadet. Dette er dekkande for status i saka. Det er fylkestinget som må ta avgjerd i saka, og fylkesrådmannen vil koma attende til dette.

Fylkesordføraren svarte på grunnlag av notat frå fylkesrådmannen til fylkesordførar av 9. juni 2017 (Arkivsak 2017/4835-6):

Carte Blanche er Noregs nasjonale kompani for samtidss dans. Kompaniet vart etablert i Bergen i 1989 i eit samarbeid mellom Staten, Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune. I dag er kompaniet eigd av Staten med 70 %, Hordaland fylkeskommune 15 % og Bergen kommune 15 %. Det offentlege driftstilskotet er fordelt tilsvarende.

Carte Blanche leiger i dag lokale i Studio Bergen. Avtalen går ut i 2020. Dei siste åra har det difor vore arbeidd med spørsmålet om ny lokalisering for kompaniet.

Sentralbadet i Bergen har peikt seg ut som eit potensielt lokale for ombygging til scenekunsthus for Carte Blanche og BIT Teatergarasjen. Bergen kommune har difor omgjort sitt opphavlege vedtak om sal av dette anlegget. I 2015 utgreidde ei administrativ arbeidsgruppe med representantar frå Kulturdepartementet, Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune spørsmålet om Sentralbadet kunne eigna seg. Etter dette vart det sett i gong arbeid med eit skisseprosjekt. Hordaland fylkeskommune gjorde vedtak om å finansiera skisseprosjektet saman med Bergen kommune, og fylkesrådmannen har såleis vore representert i styringsgruppa og prosjektgruppa.

Eit revidert skisseprosjekt vart lagt fram 27. april. Det er her gjeve eit basisestimat på kr 590 millionar og ei tilrådd styringsramme på kr 730 millionar for ombygginga. På bakgrunn av søknad frå Bergen kommune, er det i budsjettavtale 7. juni om revidert nasjonalbudsjett gjort framlegg om investeringstilskot til tiltaket frå post 70 «Nasjonale kulturbrygg». Regjeringa føreslår at det blir løyvd kr 10 millionar i 2017 med tilsegn om

statleg bidrag i seinare budsjettår på inntil ein tredel av kostnadene, men avgrensa til kr 230 millionar. Dette er i samsvar med statleg praksis ved bruk av post 70. Stortinget fattar vedtak i saka 21. juni.

Det er elles ikkje avklart korleis fordelinga mellom partane vil bli når det gjeld realisering av scenekunsthuset. Bergen kommune er grunn- og huseigar og har initiativet i saka. Scenekunsthuset vil verta tema på politisk kontaktmøte mellom Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune. Over sommaren vil fylkesrådmannen og vera representert på møte i styringsgruppa som har arbeidd med skisseprosjektet.

Grunnleggande sett har Hordaland fylkeskommune teke eit kulturpolitisk medansvar for Carte Blanche sidan flyttinga til Bergen, og må og vera budd på å medverka til gode arbeidsvilkår for kompaniet. Fylkesordføraren vil likevel understreka at mykje enno må avklårast før fylkestinget kan ta endeleg stilling i saka.